

## Vedlegg 1: Evaluering av legevaktpiloten i Balestrand

Evalueringsperiode: april 2021 – mai 2021.

Resultatmål: Ferdig evalueringsrapport og tilråding til kommunestyret i juni 2021

### Evalueringsgruppe

Ingunn Stadheim Fedje, sjukepleiar Balestrand legekantor og legevaktpiloten

Anne Grete Husebø, sjukepleiar Balestrand sjukeheim og legevaktpiloten

Eli Sleire, avdelingsleiar Balestrand sjukeheim

Hanne Hoff, Tenesteleiar Leikanger og Balestrand

Elin Legaard Christensen, Hovudtillitsvald NSF

Jan Ove Tryti, Tenesteleiar legetenester

### Mandat

Evaluere drifta av legevaktpiloten i Balestrand frå oppstart til våren 2021 og gi tilråding om vidare drift.

### Bakgrunn

Sogn og Fjordane har over fleire år hatt store utfordringar med organiseringa av det akuttmedisinske tilbodet i dei minste kommunane. På bakgrunn av dette søkte Sunnfjord og Indre Sogn interkommunale legevakt (SYS IKL) våren 2018 på vegne av heile Sogn og Fjordane om deltaking i prosjektet «Legevaktpiloten» i regi av Helsedirektoratet. Prosjektet blei tildelt SYS IKL i september 2018.

Prosjektet organiserer legevakt i 3 nivå. SYS IKL er organisert som nivå 1 for Helse Førde sitt sjukehusområde. Nivå 2 er legevaktene med legevaktsentral (Lærdal og Nordfjord) og dei ordinære legevaktene i dei kommunane som har lege i heimevakt, slik som til dømes Sogndal.

Nyvinninga i prosjektet er å etablere nivå 3 som eit kompensierende tilbod i område med lang reiseveg til legevakt. Dette nivået kallast legevaktsatellitt og er lokale sjukepleiarbemanna legevakter som kommuniserer med lege på nivå 1 via videokonferanse for medisinske avklaringar. Sjukepleiaren gjer undersøkingar og tek prøvar, samt at dei rykkjer ut eller gjennomfører heimebesøk ved behov. Kommunane som har prøvd ut nivå 3 er Balestrand, Bremanger, Askvoll, Hyllestad og Høyanger.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har sett sluttdato til 31.08.21 for prosjektdrift, og 31.12.21 for prosjektrapportering. HOD har via sentral prosjektleiing opna for vidareføring av prosjektet. Lokal styringsgruppe og prosjektgruppe er positive til vidareføring, HOD melder 27.05.21 at prosjektet kan vidareførast til 2022 med tilførte prosjektmidlar.

Prosjektleiinga i SYS-IKL har hatt månadlege møte med satellittane i tillegg til kvartalsvise prosjektgruppemøte. Fagutviklingssjukepleiar ved SYS IKL jobbar kontinuerleg med prosedyreredigering, tilrettelegging og fagopplæring av sjukepleiarane i satellitten.

SYS IKL har hatt fagdagar hjå satellittane. Fokus har vore praktisk trening. I tillegg har det vore samtrening etter BEST-modellen (BEtre og Systematisk Teamtrening) med fokus på å øve på reelle hendingar i eige miljø med eige personell og utstyr.

Forskinga drivast av Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin (NKLM). Dei tek føre seg alle ledd i pasientbehandlinga frå telefonkontakt med legevaktsentralen til dei er ferdig behandla i satellitten eller henvist vidare. Satellittsjukepleiar fyller etter kvar konsultasjon ut skjema som viser kva som blir gjort på satellitten og kva alvorgrad pasienten scorast til. Lege fyller ut digitalt skjema etter kvar pasient som skal skildre legen si oppleving av kvaliteten på konsultasjonen. Høgskulen på Vestlandet er også i gang med eit stort kvalitativt forskingsprosjekt på legevaktspiloten.

### Utfordringar i prosjektet

Pasientstraumen er betydeleg redusert frå mars 2020. Forklaringa på dette er sannsynlegvis multifaktoriell. Frå mars til november var legevaktsatellittane stengde for pasientar som hadde symptom på luftvegsinfeksjon eller var i smittekarantene. Desse pasientane fekk tilbod om konsultasjon på SYS IKL sitt smitemottak i staden for. Det er mogleg at dei strenge restriksjonane har gjort at ein frå legevaktsentralen er blitt mindre bevisst å tilby satellitt til dei som kunne ha vore aktuelle. Frå november 2020 har alle satellittar vore opne for smittepasientar.

### Erfaringar så langt

Alle satellittane er no i full drift og tek også imot smittepasientar. Satellittane rapporterer at dei opplever at befolkninga ynskjer ordninga. Det er gjort gode erfaringar med både videokonsultasjonar, utrykningar og heimebesøk. Sjukepleiarane har fått god opplæring og trening og leverer svært god kvalitet. Legane gir tilbakemelding om at videokonsultasjonar er nyttig og at dei får god assistanse fra sjukepleiarane. Satellittane blir i hovudsak brukt til konsultasjonar som avsluttast på legevakt, men brukast òg for å gjere initial undersøking og stabilisering før vidare transport til legevakt eller sjukehus.

### Opplæring, prosedyrerevisjon og vedlikehald

Opplæring av nye sjukepleiarar skjer med 1-2 dagars hospitering ved SYS IKL. Denne opplæringa må standardiserast i større grad. Forskriftsfesta kurs i akuttmedisin takast så fort som det er tilgjengeleg ved nyttilsetjing. Lokal leiing sikrar opplæring i utstyr og prosedyrer lokalt. Felles opplæringsprogram for alle satellittane er under utvikling. Me ser at det er behov for ei strukturert tilnærming til vedlikehald av kompetanse og kvalitetssikring av prosedyrar. Det er behov for at SYS IKL styrer dette og bistår avdelingane med gjennomføring. Det å sikre trygg og lik opplæring av kvar tilsett, samt sørge for vedlikehald av ferdigheiter og evne til samhandling med lege og ambulanse utmerkar seg som det mest kritiske punktet for normal drift. Ein tek sikte på fordeling av dette ansvaret mellom lokal satellittleiing og SYS IKL sine fagutviklingsansvarlege. SYS IKL skal lære opp instruktørar som kan drive vedlikehalds- og samtreningsovingar lokalt.

### Spesifikt for Balestrand

Balestrand har pr. i dag 10 sjukepleiarar som tek vakter på satellitten. 3 av desse har vidareutdanning i akuttjukepleie for kommunehelsetenesta og 2 har meldt interesse for slik utdanning, 1 har spesialutdanning som intensivsjukepleiar. Alle 10 har teke forskriftsfesta akuttmedisinkurs og kurs i vold og overgrep. Det blir arrangert lokale

øvingar ein gong pr. månad der alle deltek. Varighet på desse øvingane er eit par timar. Det blir i tillegg arrangert samtrening med ambulanse og brannvesen.

Legevaktsatellitten i Balestrand har heilt sidan oppstart vore i full drift utan nedetid. Ein har klart å dekke alle vakter. Det har vore både konsultasjonar, heimebesøk og utrykningar. Oppdraga har vore varierte allmenntmedisinske problemstillingar som til dømes brystmerter, magesmerter, kuttskader, brannså, beinbrot, infeksjonar og psykiatriske vurderingar. Det har vore gode tilbakemeldingar frå både AMK, legevaksentral og vaktlegar. Sjukepleiarane kan rykkje ut raskt, gjere primæundersøking og til dømes starte smertelindring før ambulansen er på plass.

Me erfarer at legevaktspiloten har vore viktig for rekruttering av sjukepleiarar til helse- og omsorgstenestene i Balestrand. Fleire sjukepleiarar framhevar moglegheitene for å få god kompetanse og erfaring med akuttmedisinske problemstillingar som rekrutterande i seg sjølv. Auka trivsel og meistring i jobben motiverer for å bli verande.

Me erfarer også at den kompetansen som sjukepleiarane tileignar seg gjennom opplæring og arbeid i legevaktsatellitten også har gitt eit betydeleg kvalitetsløft for heile helse- og omsorgstenesta i Balestrand.

### Økonomi

Nødvendig utstyr for å drifte satellitten, t.d. IKT-løysingar er finansiert av prosjektmidlar. Legevaktsatellitten har i prosjektperioden i stor grad vore organisert med sjukepleiar i passiv heimevakt med utrykning ved oppdrag.

Ein har no gått gjennom turnusplanleggjinga ved sjukeheimen og heimesjukepleien med mål om å gjere legevaktsatellitten til ei heilt integrert teneste slik at ein tenkjer sambruk av ressursar på tvers av sjukeheim, heimesjukepleie og legevaktsatellitt.

Turnusplanen vil då sjå slik ut:

Dagtid: 2 sjukepleiarar

Ettermiddag kvardag: 2 sjukepleiarar, ettermiddag helg: 1 sjukepleiar

Natt: 1 sjukepleiar

Denne turnusplanen genererer ca. 1,85 årsverk ekstra i høve det som hadde vore behovet dersom ein skal drive sjukeheim og heimesjukepleie utan legevaktsatellitt. Dette vil inkludere tid til utstyrssjekk ein gong i veka.

Kursing to timar pr. månad pr. sjukepleiar genererer ca. 0,15 årsverk totalt.

Sjukepleiarane som deltek i legevaktsatellitten har fått eit rekrutteringstillegg på kr 30 000,- pr. år.

Dersom det unntaksvis er vanskar med å dekke vaktene er det ynskje om å bruke avtale om passiv heimevakt. Satsane er her pr. i dag kr 2000,- for kveld og kr 2500,- for natt.

Prosjektet vil bli vidareførast med prosjektmidlar til 2022, det må gjennomførast ei ny evaluering då. Dei økonomiske konsekvensane vil være 1,6 mill. kr.

### Bruk av legevaktsatellitten i Balestrand, statistikk

Oppdrag der satellittsjukepleiar har vore involvert			
	Satellitt involvert	Utrykning	Sykebesøk

2021-jan-mars	10	2	3
2020-des	9	0	2
2020-aug-nov	26	6	7
2020-jan-juni	24	2	3
Heile 2020	59	8	12

Alvorlighetsgrad	Jan-mars 2021	des.2 0	aug-nov 2020	2020-jan- juni
0 = Ingen sjukdom eller skade	0	0	0	0
1 = Lett skade eller sjukdom som ikkje treng medisinsk behandling	1	0	0	3
2 = Lett skade eller sjukdom som krev medisinsk behandling men ikkje sjukehusinnlegging	6	4	14	14
3 = Skade eller sjukdom som krev sjukehusinnlegging	0	1	4	4
4 = Skade eller sjukdom som er potensielt livstruande	1	1	4	1
5 = Livstruande skade eller sjukdom, umiddelbar behandling naudsynt	1	3	2	3
6 = Alvorleg skade eller sjukdom med svikt i vitale funksjonar	1	0	2	0
7 = Død på staden eller under behandling	0	0	0	0

Diagnosegrupper	Jan-mars 2021	des.2 0	aug-nov 2020	2020-jan- juni
A = Allmennt og uspesifisert	2			6
B				
D = Fordøyelsessystemet	2	1	2	3
F				
H				
K = Hjarte-karsystemet	1	1	6	1
L = Muskel- og skjelettsystemet	1	3	5	4
N = Nervesystemet	2	2	4	1
P = Psykisk		1	1	1
R = Luftveggar			1	1
S = Hud	1	1	2	2
T				
U = Urinveggar	1		5	6
W				
X				
Y				

Z				
---	--	--	--	--

### Tilråding

Evalueringsgruppa tilrår at legevaktspiloten i Balestrand vil bli vidareført som prosjekt med tilførte prosjektmidlar til august 2022. Etter endt prosjektperiode må det gjennomførast ei ny evaluering.